



## Møtereferat

**Føremål:** Referat fra møte i fagrådet 14.12.17  
**Møtetid:** Torsdag 14.12.17, kl. 10.00 – 14.00  
**Stad:** Møterom 4, 2. etg.  
**Referent:** Kerima Alette Førde  
**Møteleiar:** Toril Varden  
**Saksnr:** 2015/3288

Deltakarar:			
Namn:	Tittel:	Eining:	Fråver:
Toril Varden (Leiar)	HMS- og kvalitetssjef/ Leiar i Fagrådet	Høyanger kommune/Sogn	
Kristine Brix Longfellow	Fagdirektør	Helse Førde/Koordineringsrådet	Gjekk 13.00
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Sunnfjord/ Koordineringsrådet	
Kirstin Bruland	Kommunalsjef	Jølster kommune/Sunnfjord	
Kjersti Valvik	Tenesteleiar bistand og omsorg	Fjaler kommune/HAFS	X
Kari Krogh	Kommunalsjef	Eid kommune/Nordfjord	X
Signe Nordvik	Avdelingssjef ANRR	Helse Førde HF	
Hildur Thingnes	Kst. Avdelingssjef	Helse Førde HF	X
Reidar Hjetland	Avdelingssjef	Helse Førde HF	Kom 12.30
Lasse Lesto	Seniorrådgjevar	Helse Førde HF	Gjekk 12.15
Anne Stubdal	Praksiskonsulent	Stryn kommune/Helse Førde HF (observatør)	
Normund Svoen	Praksiskonsulent	Flora kommune/ Helse Førde HF (observatør)	
Jan Ove Tryti	Praksiskonsulent	Sogndal kommune/ Helse Førde HF (observatør)	



Nr:	Sakliste:	Tidsrom:
31/17	Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste	10.00 – 10.10
32/17	Godkjenning av referat frå møte 21.09.17	
33/17	Arbeidet si rolle for den psykiske helsa v/ Renate Birkeland & Karen Skretting Hovlid, NAV	10.10 – 10.55
34/17	På lag for utvikling av tenestetilbodet innan rus- og psykisk helsearbeid v/ Jon Tvilde kommunalsjef helse, omsorg og sosiale tenester, Sogndal kommune	10.55 – 11.30
35/17	«Idédugnad/refleksjon/diskusjon»: Kommunepsykologar knytt til Psykisk helsevern for barn og unge v/ Avdelingssjef Toril Taklo, Psykisk helsevern for barn og unge, Helse Førde HF	11.30 – 12.00
<b>Føremiddagsmat</b>		
36/17	Orientering frå praksiskonsulentane	12.30 – 12.55
37/17	Samarbeidsavtalar på nett – Ny funksjonalitet v/Stig Igland	12.55 – 13.00
38/17	Samhandlingsavvik – Innleiing v/ Jan Helge Dale	13.00 – 13.40
39/17	Ny samansettad av Fagrådet	
40/17	Møteplan 2018	13.40 – 13.55
41/17	Evaluering av møtet v/ Leiar Toril Varden	13.55 – 14.00

Sak nr:	
31/17	<b>Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste</b>  Toril ynskjer velkomen til møte.  <u>Vedtak:</u> Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentar.
32/17	<b>Godkjenning av referat frå møte 21.09.17</b>  <u>Vedtak:</u> Referat frå møte 21.09.17 vart godkjent utan kommentar.
33/17	<b>Arbeidet si rolle for den psykiske helsa</b> <b>v/ Renate Birkeland &amp; Karen Skretting Hovlid, NAV</b>



	<p>Orienterar frå presentasjon. <i>For nærmere informasjon viser ein til presentasjon.</i></p> <p>Det har vore eit godt kurstilbod ute til arbeidsgjevarane på landsbasis, får gode tilbakemeldingar på kurset.</p> <p>Ein kan ta kontakt med IA-rådgjevar i bedrifta om ein er interessert i kurs. Kan og lese meir om opplæringspakken på nav.no.</p> <p>Starta eit jobbstøtteprosjekt ved Nordfjord gjennom Nav for snart to år sidan.</p> <p>Etterkvar er det ein uttalt tanke at ein ynskjer å halde fram med dette gjennom heile landet.</p> <p>Viktig at ein kjenner til dette behandlingstilbodet.</p> <p>PKOane er ein viktig informant ut til fastlegane.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Fagrådet takkar for god informasjon og tek presentasjonen til orientering.</p>
34/17	<p><b>På lag for utvikling av tenestetilbodet innan rus- og psykisk helsearbeid v/ Jon Tvilde kommunalsjef helse, omsorg og sosiale tenester, Sogndal kommune</b></p> <p>Orienterar frå presentasjon. <i>For nærmere informasjon viser ein til presentasjon.</i></p> <p>FACT team er eit breitt samansett og tverrfagleg ambulant team som jobbar innanfor eit området, er eit samarbeid med DPS. Må vere ein prosess i både helseføretaka og kommunane.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Spennande tankar her, men forsking visar at psykiske sjuke døyr tidlegare. Korleis implementere den somatiske delen i dette?</li><li>- Innspel på at det ikkje er nyttig å tenke at ein skal ha psykiater i kommunane, må heller satse på eit samarbeid med spesialisthelsetenesta</li><li>- FACT team tilsvara ambulante team som er eit samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Skal ein ha både FACT-team og ambulant team, eller kun det eine?</li></ul> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Fagrådet takkar for god informasjon og tek presentasjonen til orientering.</p>



35/17	<p><b>«Idédugnad/refleksjon/diskusjon»:</b> <b>Kommunepsykologar knytt til Psykisk helsevern for barn og unge</b> <b>v/ Avdelingssjef Toril Taklo, Psykisk helsevern for barn og unge, Helse Førde HF</b></p> <p>Orienterar frå presentasjon. <i>For nærmere informasjon viser ein til presentasjon.</i></p> <p>Kva tenkjer fagrådet om denne typen samarbeid som er presentert?</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Eit samarbeid om dette er absolutt vegen å gå. Gjeld ikkje berre psykologstillingar i forhold til barn og unge. Er særleg innan barn og unge ein har utfordringar kring å få til eit samarbeid.</li><li>- Ideen med psykologsamarbeid er god, reint fagleg må det vere heilt topp</li><li>- Kan ein mogleg veg vidare vere at ein sende ut ein førespurnad til kommunane for å kartlegge interesse og kvar dette kan vere ein mulighet?</li></ul> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Fagrådet tilrår at ein jobbar vidare med å formulere eit vedtak og mandat for vidare arbeid med dette tema. Det vert tilrådd å ta tema vidare i regionane og at saka om tilsetjing av kommunepsykolog skal tilbake i fagrådet ved eit seinare høve.</p> <p>Fagrådet tilrår og ei breiare utgreiing:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Skildre dagens situasjon</li><li>- Rolleavklaring og forventningar</li><li>- Behov og innhald ute i kommunane</li></ul> <p>Ein tilrår eventuelt å sette ned ei arbeidsgruppe i alle regionar med DPS, BUP og representantar frå kommunane.</p>
	<p><b>Føremiddagsmat</b></p> <p>36/17    <b>Orientering frå praksiskonsulentane</b></p> <p>Anne Stubdal orienterer:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Ein god del prosjekt i Helse Førde som handlar om samhandling har ofte samansettning av mange frå Helse Førde, men det er vanskeleg å finne representantar av legar frå kommunenesida.</li></ol> <p>Noko av utfordringa ligg i at fastlege ikkje mottar betaling for anna enn</p>



pasientretta arbeid.

Må finnast ordningar som gjer dette meir attraktivt.

Oppfordrar til at det lagast retningslinjer i samarbeid med alle kommunane, for å finne ein måte og eit system å lønne det på for å få legar med i arbeidsgrupper.

Har laget eit skriv der nokre av desse punkta står, *sjå vedlegg*.

Dei andre føretaka i Helse Vest jobbar med den same problemstillinga.

Foreslår at ein tek dette opp som sak i eit framtidig møte, og kjem med eit vedtak.  
Fordrar at deltakarane diskutera tema i forkant i sine miljø.

Både kommunehelsetenesta og helseføretaka er tent med at fastlegane er med i prosjekta.

2. Ca. 40 allmennlegar i Sogn og Fjordane som er under spesialisering i allmennmedisin, manglar sjukehus-år.

Dette må formaliserast. Kan spele det inn til RegUT. Fagdirektør, Kristine Longfellow, tek saka vidare.

3. Oppgåveglidning

Det er etter kvart mange oppgåver som sjukehuslegane tenker at fastlegane kan utføre, utan at dette er nedfelt i nokon avtale.

Dette kan gjelde intravenøse infusjonar, henvisning til andre spesialistar og radiologiske undersøkingar som spesialisten meiner er indisert, med meir.

Det må vere tett dialog med sjukehuslege og fastlege.

Det ligg føre ei prosedyre (*sjå vedlegg*) som overlegane har ansvar for å gjere kjent, og minne legane på at det er ulike arbeidsoppgåver og praksis ved sjukehus og primærhelsetenesta.

PKOane kan og ta eit møte og fortelle om dei ulike prosedyrane og arbeidsmetodane.

Dette tema kan eigne seg som sak til direktørens informasjonsmøte som er felles med kirurgisk klinikks. PKOane ynskjer invitasjon til dette.

Normund Svoen orientera om kurs som PKO har delteke på siste tida, samt om oppfølgingsteam og primærhelseteam.



	<p><u>Vedtak:</u></p> <p>Fagrådet takkar for god informasjon og tek presentasjonen til orientering.</p>
37/17	<p><b>Samarbeidsavtalar på nett – Ny funksjonalitet v/Stig Igland</b></p> <p>Stig Igland orienterer.</p> <p><i>For nærmere informasjon viser ein til saksførebuande dokument.</i></p> <p>Det er føretatt ein revisjon av seks delavtalar. Avtalane er lagt ut på nettsida <a href="#"><u>«Samhandling Sogn og Fjordane»</u></a>.</p> <p>Innspel på at delavtalane bør vere meir detaljerte.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Fagrådet tek informasjonen til orientering.</p>
38/17	<p><b>Samhandlingsavvik –</b></p> <p><b>Innleiing v/ Jan Helge Dale</b></p> <p>Jan Helge orienterer.</p> <p>Tanken med avvik er forbetring.</p> <p>Om vi går inn og ser på dei mest alvorlege avvika, har desse ein tendens til å vedvare.</p> <p>Når avvika blir meldt, so blir dei behandla og kvittert ut.</p> <p>Er nokre utkvitteringar som går igjen, og det ser ikkje ut som nokre av desse føre til varig endring i praksis.</p> <p>Er bestemt at det skal lagast eit forbettingsarbeid med forbettingsmetodikk mellom relevante avdelingar i Helse Førde og kommunane Florø, Førde og Eid.</p> <p>Tenker at gruppene kan jobbe med ulike problemstillingar og følgje desse over tid, dette for å få til ei implementering i både kommunane og spesialisthelsetenesta.</p> <p>Vert krav om legedeltaking frå kommunane og sjukehusa.</p> <p>Felles elektronisk avvikssystem, er eit forprosjekt som kanskje vert sett i gang av Helse Vest. Dette er uavklart enno.</p> <p>Er eit leiaransvar ute å ta i bruk dei systema vi har, melder dei avvik vi skal melde og endrar praksis i tråd med dette.</p>



	<p><u>Vedtak:</u></p> <p>Fagrådet takkar for god informasjon og tek presentasjonen til orientering.</p>
39/17	<p><b>Ny samansetnad av Fagrådet</b></p> <p>Stig orienterer. <i>For nærmare informasjon viser ein til saksførebuande dokument.</i></p> <p>Ny samansetnad har verknad frå over nyttår. Helse Førde sitt ansvar å ha leiarfunksjonen i 2018, men kven dette blir er ikkje avklart enno.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Fagrådet tek informasjonen til orientering.</p>
40/17	<p><b>Møteplan 2018</b></p> <p>Stig orienterer frå presentasjon.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Landar på følgjande datoar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 1. mars</li><li>• 12. april</li><li>• 13. september</li><li>• 1. november</li></ul> <p>Innkalling til møte kjem i Outlook.</p>
<b>Avslutning</b>	
41/17	<p><b>Evaluering av møtet v/ Leiar Toril Varden</b></p> <p>Kor mange orienteringar som er spennande som ligg i grenseland innanfor kjerna i samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta skal vi ta opp? Må ta ei vurdering på dette.</p> <p>Medlem i utval må vere flinkare å melde inn saker som ligg innanfor kjerneområdet i samarbeidet.</p>



	Aksjonspunkt til neste møte, innmelding av saker med frist 1. februar, samt fast sak på saklista «agenda til neste møte».
--	---